


Vedtekter for gravplassane i Strand kommune



J

Vedtatt av Strand kyrkjeleg fellesråd **16.03.2016**
og godkjent av Stavanger bispedømmeråd **22.04.2016**

Vedtekter for gravplassane i Strand kommune

Jfr. lov av 7 juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) §21. med endring ved lov 15.juni 2001 nr 68 og 26.august 2011 nr 40.

Vedtatt av Strand kyrkjeleg fellesråd 16.03.2016 og godkjent av Stavanger bispedømmeråd xx.xx.2016.

§ 1 RETT TIL GRAVPLASS

Døde personar i kommunen kan gravleggast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ønskja. Dette gjeld og om den døde på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet.

Personar som er busette utanfor kommunen, og som ikkje kjem under § 1 første ledd, kan få grav etter særleg tillating frå kyrkjeleg fellesråd. Den som syter for gravferda må då betala for dette etter, dei til ei kvar tid, gjeldande satsar vedteke av fellesrådet.

§ 2 FREDNINGSTID

Fredningstid for kistegraver på Strand, Idse, Langeland og Førland er 20 år.

Fredningstid for kistegraver på Voster er 30 år.

Fredningstid for askeurner er 20 år på alle gravplassane.

Festetid er 5 år.

§ 3 FESTE AV GRAV

Ingen kan fest grav på førehand.

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida av og - etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd - for ei ekstra grav i tillegg når det er grunn for det.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje festa grav ved sida av.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom samtykke frå festaren ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjerda spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar melda frå om adresseendring.

Når fredningstida er ute, kan grava festast for 5 år om gongen.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan feste ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellesråd.

Eit feste kan ikkje overførast utan samtykke frå kyrkjeleg fellesråd. Samtykket bør skje på grunnlag av ei skriftleg erklæring som er underskrive av opphavleg festar og ny festar.

I god tid før festetida går ut skal festaren varslast. Er festetida ikkje fornya innan 6 månader etter at festet har gått ut, går grava tilbake til gravplassen.

§ 4 GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av kistegrav, er det høve til å leggja jord på omkringliggjande graver og flytta gravustyr så lenge det trengst.

Kyrkjeleg fellesråd vil syta for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne kan ikkje setjast opp tidligare enn 1 månad etter gravlegging av kiste. Vinterstid kan det gå lenger tid før ein kan setta opp gravminne. Det er kyrkjeleg fellesråd som står for vurderinga av desse forholda.

Gravminne skal godkjennast av kyrkjeleg fellesråd før dei vert sette opp, og setjast opp i samnhøve med krava i lovar og føresegner gjevne av departementet. Det er ein fordel om arbeidet med å setja opp gravminne vert gjort av profesjonelle gravsteinsfirma eller folk som kan faget.

Oppsetting skal gå føre seg på anvist plass etter avtale

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teken i bruk. Gravminnet vert ståande der for godt.

Materialet i *aste* dekorting skal vera i samhøve med § 22 i Føresegnene. Ekstraustyr på gravminne er på eige ansvar, det skal tåle påkjenningar ved vanleg drift og vedlikehald av gravplassen.

Når festetida er ute og grava skal slettast, vil kyrkjegardspersonell fjerna gravminnet dersom ikkje festar har fjerna det sjølv. Gravminnet blir oppbevart av gravferdsforvaltninga i seks månader før destruksjon.

§ 5 VERN AV GRAVMINNE

Når gravene er blitt 60 år, må ein søkje fellelsrådet for å få feste grava vidare. Før ein eventuelt tek bort gravminnet, vil kyrkjeleg fellelsråd gjera ei vurdering om vern. Det kan skje ut frå alder, stilhistorie, interessant personalhistorie, lokalt særpreg, gravminne som er unikt, gravminne med stor kunstnarisk eller handverksmessig verdi, gravminne med sjeldan inskripsjon, gravskrift, yrkesbetegnelse eller symbolbruk.

Det er Strand kyrkjeleg fellelsråd som vedtek vern av gravminne.

På Voster kyrkjegard er det oppretta ein eigen avdeling for verna gravminne, «Steingarden». Den blei oppretta ved siste utbygging av gravplassen som eit tidsavgrensa tilbod, og er stengt for nye gravminne.

§ 6 PLANTEFELT

Framom gravminnet er det høve til å opparbeida eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Plantefeltet må ikkje vera breiare enn gravminnet, men kan i alle høve vera opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikka lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet.

I plantefeltet kan det ikkje plantast buskar eller tre som er (vert) høgare enn høgda på gravminnet, eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje lov å planta noko på sidene av gravsteinen, eller på baksida.

Det er høve til å bruka lause dekorting, som blomsterurner, lyktar m.v. i plantefeltet. Dekorting skal ikkje setjast i ytterkanten av plantefeltet slik at dei står i fare for å øydeleggjast av maskinar ol.

Lause dekorting skal fjernast etter bruk og alt avfall skal i avfallsdunk. Lause dekorting i glas er forbode.

Ein tillet lause natursteinplater (dekorplater) som er like breie som gravminne. Platene skal ikkje overstiga 60 cm frå bakkant av gravminne. Eventuelle plantehol i platene skal ikkje vera større enn 1/3 av flatemålet på sjølv plata. Ein tillet ikkje tekst på liggjande dekorplater.

Det er høve til å ramma plantefeltet inn med ein 3-delt steinkant. Steinkanten skal vera i flukt med terrenget rundt. Det er ikkje høve til å ramma inn plantefeltet med anna materiale. Ein kan ikkje bruka kant i skrånande terreng. Dersom det skal leggjast plater i eksisterande plantefelt, skal eventuelle karmar takast bort.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt eller dekorplate, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 7 PLANTETILFANG

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav og som endar som avfall, skal vera heilt komposterbart.

Det er den ansvarlege for grava sitt ansvar å fjerna visne blomar og kransar som er brukte ved gravferd. Kyrkjeleg fellelsråd vil likevel, når tilstanden på blomar og kransar tilseier det, syta for å fjerna desse dersom den ansvarlege ikkje har gjort det.

§ 8 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stella den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege. Dersom dette ikkje blir gjort, vil kyrkjeleg fellesråd kunna gjera dette utan nærare varsel.

Fellesrådet kan òg syta for årleg planting på grav mot forskott-betaling (sjå § 8).

§ 9 AVTALE OM STELL AV GRAV

Planting og stell av gravstad kan bestillast gjennom kyrkjeleg fellesråd. Dette skjer ved forskotsbetalt stell der ein betaler for kvart år, eller for ein nærare avtalt periode.

Avtale om stell kan berre gjerast for ei avgrensa tid, og ikkje lenger enn fredingstida. Deretter kan det forskotsbetalast for inntil 5 år om gongen, like lenge som festetida. Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i avtaletida at midlane ikkje rekk til, skal kyrkjevevja gje melding om dette til den som er stellansvarleg. Det er då høve til å auka beløpet slik at det rekk tida ut. Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp.

Dersom det er midlar att når avtaletida er ute, kan dei brukast av kyrkjeleg fellesråd til å gjera gravplassen vakrere.

Det er kyrkjeleg fellesråd som fastset prisar for gravstell.

Gravstellmidlane vert forvalta i fellesskap, men kyrkjevevja fører eigen rekneskap for kvar avtale som vert revidert årleg. Det er høve til å rekna provisjon for administrasjon og revisjon av stellpengane.

Avtale om stell av gravstad skal setjast opp skriftleg.

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for at gravstader med betalt stell blir stelt i samsvar med avtalen.

§ 10 BÅREROM

Bårerom som vert disponert av kyrkjeleg fellesråd skal berre nyttast til å ta vare på døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 11 NAMNA MINNELUND*

Graver på namna minnelund følgjer same forvaltningsordning som for vanlege urne- og kistegraver. Dette gjeld fredingstid, høve til å festa ei tilleggsgrav, fornying av feste og festeavgift. Pårørande kan delta på vanleg måte under urnenedsettinga.

Det blir nytta ei standard namneplate kor avdøde sitt namn, fødsels- og dødsdato blir prega inn. Om ein festar ei tilleggsgrav, kan det også setjast av plass til ei ekstra namneplate. Namneplata blir fjerna når grava vert sletta. Namneplate blir fakturert frå leverandør av slike.

Minnelunden har ei felles beplanting som blir stelt av gravplassforvaltninga. Det er ikkje høve å setja blomar eller andre gjenstandar på sjølve grava eller framfor namneplatene. Det blir tilrettelagt for å kunne setja avskorne blomar og levande lys ved felles minnesmerke.

§ 12 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal ha løyve frå kyrkjevevja. Løyve kan tilbake kallast dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Løyve kan bare givast til verksemd som driv med montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Tilsette på gravplassen kan ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjera.

Tilsette på gravplassen kan ikkje mot godtgjering utføre tenester for private eller næringsdrivande.

§ 13 ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje i arbeidstida (kl.0730-1600) og må ikkje gjerast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane.

§ 14 FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Kjøring med bil, moped og liknande kjøretøy er ikkje tillatt på gravplassen. Unntatt er forvaltninga sine egne kjøretøy. Gravplassmyndigheten kan gi løyve dersom pårørande har spesielle behov for transport. All kjøring og ferdsel skal skje med ekstra varsemd og respekt.

§ 15 ANDRE BESTEMMELSER

Gravplassmyndigheten er ikkje ansvarleg for skader på grav, gravminne og gravutstyr ved naturhendingar og skadedyr, hærverk, tjuveri og liknande.

Strand kyrkjeleg fellesråd kan ta avgjersle om gravlegging dersom den ansvarlege eller festaren sitt samtykke til bruk av grava ikkje kan innhentast.

§ 16 BRUDD PÅ VEDTEKTENE

Dersom vedtektene ikkje blir overhaldne, kan gravplassforvaltningen iverksetja naudsynte tiltak for den ansvarlege/festar si rekning.

§ 17 DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Spørsmål vedrørande gravplassane eller forhold på desse som ikkje er nemnde i vedtektene, blir avgjort av gravplassmyndigheten. I særskilte tilfelle kan gravplassmyndigheten tillate avvik frå vedtektene.

**) Trer i kraft når minnelund blir etablert på gravplassane i Strand hausten 2019.*